Vestmannen

Nr 2 Bergen, 20. mars 2000 16. årgang

Bladstyrarskifte:

Jostein Krokvik gjeng av



Av helsegrunnar er Jostein Krokvik vorte nøydd til å trekkja seg attende frå bladstyrarkrakken. Bladstyret i Vestmannen hev dryft stoda, og me ynskjer at bladet held fram. Det er i skrivande stund ikkje fastlagd kva fylgjor eit bladstyrarskifte vil få. Mangt ved bladdrifti må vurderast på nytt.

I dette nummeret vil me umframt anna stoff sjå attende på bladsoga til Vestmannen. Jostein Krokvik hev her vore den drivande og berande krafti. Det var han som sette Vestmannen i gang, og som greidde å visa alle spådomar um at bladet ikkje var liv laga til sides. Med den store arbeidsevna si hev han makta å gjera høgnorsksaki til ei sak med eit godt grunnlag fyre seg. Vestmannen hev dana mynster for mål og målbruk millom eit ettermåten stort kringvære.

Trass i arbeidspress og mange uppgåvor av alle slag, hev Krokvik alltid halde humøret ved like. Han hev sett positivt på det meste, og slik hev han stogga kritikarane av bladet og høgnorsksynet. Denne evna til alltid å sjå det positive er ei evna som må vera eit livsvilkår for Vestmannen frametter òg. Ein må vera vaktsam og kritisk til mangt av det som skjer i målrørsla, men likevel nyttar det ikkje å melda seg ut av diskusjonane. Ein må taka folk som dei er, og ikkje som dei skulde ha vore.

Jostein Krokvik hev jamt kome med innspel og idear til målarbeidet i høgnorskrørsla. Han hev alltid tenkt ut ting som kann gjerast og som vil gjeva framgang. Eit av desse innspeli var det som dana grunnlag for høgnorskringen. Andre hev ført med seg bokutgjevingar. Og atter andre hev gjeve framgang på nye frontar. Når Jostein Krokvik no er løyst frå bladstyrararbeidet, vonar me at han skal få kvilt seg, so me framleis kann få høyra gode råd og konstruktive innspel frå han.

Jostein Krokvik ein ven !

Jostein Krokvik hev gjenom alle dei år eg hev vore målmann vore ein nær ven. Eg starta venskapen med Krokvik gjenom at eg skreiv brev til han. Eg fekk venlege tilbakespel,og mange er dei samrådingane og meiningsutvekslingane me hev havt. Krokvik hev vore ein læremeister. Han hev allstødt gjeve meg gode råd.

Um målsoga hev eg lært mykje av han. Me hev lese målpolitiske bøker og havt mang ein tvomanns studiering kring 1917- og 1938-rettskrivingi. Kva var kreftene attum rettskrivingsendringane ? Og kva førde rettskrivingsendringane vidare. Dette hev vore spursmål som me hev havt fyre oss.

I praktisk målarbeid hev Krokvik havt mange framlegg som han hev retta til Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-Sambandet. Framleggi hans hev vore konstruktive og ambisiøse. Mange av utbydingane som Krokvik hev sett fram stend det att å gjera noko med framleis.

Krokvik er ein diplomat. Han let alle meiningar få koma til uttrykk fyrr han ytrar seg. Men på same tid hev han stade trygt på eit målpolitisk grunnlag, og han hev aldri vike ein tomme her. Det stend det age av. Sume hev tykt at Krokvik hev vore for prinsippfast, men dei skal merka seg at han jamnast hev late seg påverka av nye tankar og ordskifte meir enn mange andre. Det krevst stor fleksibilitet til for å endra målsyn. Krokvik braut med den nynorsken han hadde lært i skulen og med den nynorsken han hadde nytta i eit utal av bøker. Det var eit stort steg.

Krokvik hev stega ut og lagt eit grunnlag for å arbeida vidare. Eg veit det er mange som hev vyrdnad for det arbeidet som Krokvik hev gjort, same kva dei meiner um rettskrivingsspursmåli.

Lars Bjarne Marøy

Lars Bjarne Marøy,

Ordtøkjet

Det er godt hava
Frendar;
d´er betre hava viner
Etter Ivar Aasen

I dette bladet

Bladstyrarskifte	1
Meldingar	2
Eirik Hirth	3
Bladsoga	4
Nikolaus Gjelsvik	5
Nordisk samarb.	6-7
Erling Kristvik	8-9
Ervingen med 100 årsfeiring	10 -12
Eit heilnorsk vestland	13
Færøyfolket	14-15
Goetelyrikk	16

Dessutan Ordtøkjet, Vestmannalaget, småmeldingar, Sagt, Telefonen, Godt sagt, Sluttordet m.m.

Sunnmøre Vestmannalag

Sunnmøre Vestmannalaget melder um eit godt møte 26 februar. 11 medlemer var samla til ordskifte. Mange gode innkast skal ha kome fram. Det vart millom anna diskutert korleis ein no kann få Erling Kristvik framatt i det offentlege ordskifte um målpolitikk og skulepolitikk. Kristvik var sterkt knytt til Volda, so det er naturleg at eit lag som hev stjorni si i Volda, samlast kring ei slik uppgåva.

Sunnmøre Vestmannalag hev vorte utfordra til å koma med innspel til Aasen-senteret, og det må verta fylgd upp. Vonleg kann Aasen-tankane få koma klårt og greidt til uttrykk gjenom ulike tilskipingar på senteret, og Sunnmøre Vestmannalag hev her fenge høve til å markera seg og må gå i brodden, um noko skal lukkast

.

Ervingen 100 år

Ervingen 100 år. Bondeungdomslaget Ervingen fyller 100 år i år, og det hev vore hundreårsfest i Gimle. Ludvig Jerdal kjem med ein artikkel um Ervingen i dette nummeret.

Norsk på norsk?

Ordskiftet om norskspråkleg popmusikk hev blussa upp att. Nils Heldal, sjef i NRK P3, og Jo Nesbø, krim-forfattar og Di dere-vokalist, hev skrive kvar sine kommentarar om emnet. Ingen av dei tykkjer det er serleg viktig med dette norske målet.
Henta frå www.nynorsk.no

Vestmannalaget med årsmelding

Stjorni i Vestmannalaget hev halde stor aktivitet i år som tidlegare år. Stjorni hev halde 8 stjornamøte. Laget hev som vanleg havt 7 lagsmøte, eit festmøte i Kreditkassen og ei utferd til Nordsjøfartmuseet. Vestmannalaget hev skaffa nye lagerrom til Norsk Bokreidingslag, og hjelpt til med flyttingi.

Aasen-bysta

Hordaland Mållag arbeider med å få reist ei Aasen-bysta på universitet i Bergen. Bysta skal etter segjande reisast utanfor Universitetsbiblioteket. Det er kunstnaren Arne Mæland som skal forma ut bysta. Fleire mållag i Noregs Mållag hev kome med tilskot, og finansieringi gjeng greidt er det likt til. Bysta skal avdukast under landsmøtet i Noregs Mållag i sumar.

Hordaland Ungdomslag

Hordaland Ungdomslag arbeider med å få skipa til ein Garborgkonferanse i Garborgåret til neste år. Dette er eit tiltak som det er grunn til å vera glad for. Dimeir avdi det skal vera ordskifte kring målreisingstankane til Garborg på konferansen. Garborg er ein målreisar som ikkje hev fenge nok merksemd. Han stod i brodden for målrørsla gjenom fleire år, og han var saman med kona ein kulturfaktor som var heilt sentral i å byggja ut målrørsla til ei breid folkerørsla. Me ser fram til å høyra meir frå dette arbeidet.

Samhald og ufred

Ein lesar ottast kiv i Høgnorskringen og viser til ordskiftet millom meg og styreformannen Tangen i Høgnorsknytt nr. 4/99. Eg hev sendt eit ordskifteinnlegg til Høgnorsknytt der eg oppklårar mistydingar og skriv meir om korleis eg ser på det innfløkte spursmålet om nasjonale identitetar.

Vonleg kan me ha eit friskt og ope ordskifte utan at det fører til kiv. Det som er viktig er å få fleire medlemer med i ordskiftet om språk og nasjonalitet.
K.E Steffens

Nynorsk datateknologi

Denne meldingi er ein redigert versjon av ei melding som vart sendt ut på epostlista til Hordaland Mållag for nokre vikor sidan.

Nett no arbeider eg for nynorskorganisasjonane i Noreg for å syna fram marknadsmakta eller forbrukarmakt, om du vil. Målet er å få nynorskbrukarane til å sjå på seg sjølve som ein marknad og så stella krav til staten v/ Nærings- og handelsdepartementet og til programvareprodusentane om å få utvikla programvare på nynorsk. Dette er ein stor jobb, og om me skal greia det, er det viktig at mållaga rundt i landet tek i eit tak. Ein ting er å senda brev/fråsegner til kommunen de høyrer til og til Nærings- og handelsdepartementet. De finn framlegg til fråsegner og meir informasjon om aksjonen, kva statsrådane seier m.m. på heimesidene til Noregs Mållag.

De kan òg lesa meir om Aksjon nynorsk data 2000 der.

Har du lyst til å vera med å arbeida vidare med Aksjon nynorsk data 2000 eller er det noko du lurer på? Ta kontakt!

Beste helsing
Ragnhild Bjørge
Aksjon nynorsk data 2000
Ragnhild Bjørge
Tilskrift: LNK, v/Bjørge Pilestredet 8 0159 OSLO
Tlf.: Arbeid: 22 33 14 01 Faks: 22 42 92 07 Mob.tlf.: 90 07 34 91
Epost : ragnhild.bjorge@nynorsk.no

Vestmannen

Vestmannen kjem med 10 nummer i året
Bladpengar kr. 150,- for året
Studentpris kr. 100,-

Kan tingast på poststader og frå Vestmannen ved bladstyraren.

Postgiro: 0802 4 25 63 92
Bankgiro: 6504.10.12484

Utgjevar:
Vestmannalaget,
5000 Bergen
Telefon 55 34 33 77

Bladstyrar:
Lars Bjarne Marøy,
Eliasmarken 14,
5163 LAKSEVÅG.
Tlf. 55 34 33 77

Rekneskapsførar:
Helge Liland
Midgeilen 16
5067 Store Milde

Prenta hjå:
Nytrykk as
6143 Fiskåbygd
Telefon 70 0 2 13 07
www.nytrykk.no

Tilskrift for all post: Vestmannen, 6143 Fiskåbygd
Internett: www.geocities.com/nynorsk.geo

Eirik Hirth, ein framifrå målreisar

Eirik Hirth var ein målmann som ikkje må gløymast. Me i Vestmannen vil i tidi som kjem freista å draga fram den rikdomen Hirth stod for i målpolitikken i si levetid. Mangt av det Hirth skreiv vil ha yverføringsverde, og um det ikkje finst beinveges yverføringsverde i alle einskildhøve, vil det iallfall vera interessant lesnad for alle med godhug for norsk målreising og norsk målsoga. I dette nummeret kjem me med ein artikkel um telegrafutbyggjing og nordisk samarbeid. Her kann vakne lesarar finna mange spanande jamlikskapar med den seinaste telestriden med svenskane.

Eirik Hirth var fødd i 1873. Hirth var ein sjeldsynt vyrd og dugande stridsmann for norsk målreising. Han var stødug, og han skyna til fullnads kva verde lagsarbeidet, samskipnadsarbeidet, hadde. Han var frå Voss der han òg hadde ættargarden på Lirhus. Men sjølv gjekk han skulevegen,og etter lærarskuleeksamen på Stord, og millomskuleeksamen, vart han lærar på Husnes i Kvinnherad der han var med og skipa Husnes ungdomslag.

I 1899 kom han til Bergen, og her var han lærar i folkeskulen heilt til han nådde aldersgrensa i 1942. Det stend age både av skulemannen og organisasjonsmannen Eirik Hirth. Han var med og skipa Bondeungdomslaget Ervingen i 1900 og var formann der i 2 år. I 1904 var han med og skipa Vestlandske Mållag, og der vart han seinare formann i 24 år utan avbrot, ein drivande og påpasseleg formann som fekk utruleg mykje gjort. I 1909 var han med å skipa Bondeungdomslaget i Bergen, ja, han vert rekna for grunnleggjaren av laget, og han var formann der i 7 og eit halvt år. Han var med i Norrønalaget Bragr, var med på Norrønaferdi i 1928, sat mange år i Bergen bystyre og var varamann til formannskapet, og han skreiv mykje i blad og bok. Han var stortingsvaramann for Vinstre og møtte på Stortinget nokre gonger.

I Vestmannalaget var han eit fast punkt, han hadde teke vare på arkivsakene og ordna dei greidt, og han var lett å samarbeida med. Eirik Hirth lika seg i det gamle laget sitt, og han kom trufast på lagsmøte og stjornarmøte heilt til han fall i frå, 89 år gamal. Hirth døydde i 1962. Attåt i Vestmannalaget var han heiderslagsmann i Vestlandske Mållag, i Bondeungdomslaget i Bergen og i Noregs Mållag. Og han var heidra med Kongens påskyningsmedalje i gull.

Eg syner her til boki Vestmannalaget i 110 år ved Hanaas, Clausen og Jerdal, Bergen 1978, s. 402-404.

Lars Bjarne Marøy

VESTMANNALAGET

13 april klokka 18.00. hev Vestmannalaget ein islandsk temakveld med ymse innleidarar. Merk klokkeslettet !

11 mai vert det tur til Bjørn West-Museet i Masfjorden. Påmelding til formannen i telefon 55 34 33 77.



Gåvor til Vestmannen

Lat det merkast i meir enn i ordi, at me halda den arven i stand - Åsta Eide, Fiskåbygd, 50. Andreas Nordvåg, Tromsdalen. 50. Per Inge Bale, Balesetrand, 250. Marta Bjerkeng, Øverbygd, 100. Asle Wengaard, Bergen, 50. Torgils Vågslid, Eidsv oll, 50. Håvard Tangen, Oslo, 100. Klaus Johan G. Myrvoll, Smøla, 50. Torstein Sausjord, Voss, 50. Rasmus Førsvoll, 4150 Rennesøy, 100. Anna Sunniva Bjordal, Melhus, 100. Anders Askelnd, Rådal, 50. John Marhaug, Fyllingsdalen. 100. Kaj Ekanger, Oslo, 100. Reidar Thornes, Oslo, 1000. Sjur N. Moshagen, Finland, 50. Oscar Sønderland, Volda, 100. Hjarteleg takk for kr kr 2350 fram til ca. 10 februar !

Nynorsk teaterutdanning til Volda?

Fylkeskultursjef i Møre og Romsdal,Arvid Blindheim, meiner at ei høgskuleutdanning innan nynorsk teater bør leggjast til Volda. Den kompetansen høgskulen har innan praktisk-estetiske fag og samarbeidet med Ivar Aasen tunet og Nynorsk kultursentrum gjer dette særs interessant.
Henta frå www.nynorsk.no

Vestmannen - litt or bladsoga

Av Lars Bjarne Marøy

Når Jostein Krokvik no gjeng av, høver det å sjå attende på bladsoga til Vestmannen. Denne gjenomgangen byggjer på upplysningar eg hev fenge frå Krokvik gjenom mange år. Krokvik hev vore ein god ven gjenom dei år eg hev kjent han, og eg hev lært mykje av Krokvik både um Vestmannen og um bladdrift. Me hev ordskiftest mang ein gong um bakgrunnen og soga til bladet. No er det på tide at sumt av det som gjeld Vestmannen vert nedskrive for ettertidi.

Kort um den administrative soga og Vestmannalaget.

Bladet Vestmannen vart sett i gong etter tildriv frå Jostein Krokvik. Han sette seg i samband med Ivar Aasen- Sambandet og andre lag i høgnorskrørsla. Vestmannalaget gjekk hausten 1984 inn for å løyva 20 000 kronor til bladskipingi. Laget byrja so å sanka tingarar. Målet var 500 tingarar, men talet vart ikkje so høgt. Likevel vart talet so høgt at laget fann det forsvarleg å setja i gong drifti av Vestmannen.

Bladet tok til å koma frå 1985. Bladet vart gjeve ut i Bergen, og Vestmannalaget hadde arbeidet med å sanka og registrera tingarar og tok seg eg av den økonomiske administrasjonen av bladet. Ludvig Jerdal og Conrad Clausen (fram til han død i 1990) engasjerte seg mykje i arbeidet med bladet med bladskriving, og hadde kontakten med prenteverket. Helge Liland hadde uppgåvone med administrasjonen.

Fram til nr. 8. 1991 vart Vestmannen prenta hjå Rhema Grafisk i Bergen. I 1991 vart prentingi av bladet flutt til Fiskåbygd. Frå nr.9 vart bladet prenta hjå Nytrykk Fiskåbygd. Fyrr den tid hadde bladet vore sett upp med manus på papir. No tok Krokvik til å føra bladet inn på data. Bakgrunnen for at me skifta var visst nok at prenteverket i Bergen vilde ha same sum trass i at Krokvik hadde sett det upp på data. Det tykte Jerdal var urimeleg og vilde skifta prenteverk. Krokvik røkte etter i heimegrendi, Fiskåbygd. Der kunde prenteverket prenta mykje billegare.

I 1994 vart den daglege økonomiske drifti flutt til Krokvik og Fiskåbygd. Det var etter vedtak i stjorni 3 mars 1994. Det same skjedde med tingarregistreringi. Helge Liland er no bokførar og fører rekneskapen for Vestmannen.

Verknaden av bladet.

Dette er ikkje ei lett sak å greida ut um stutt. Vestmannen kom på eit heldig tidspunkt. Det var mange aktivistar att frå stridane med Noregs Mållag, og dei hadde høve til å organisera seg betre kring eit blad. Det vart høve til å koma med jamlege utspel og ikkje berre småe drypp i pressa som heilskap.

Nynorsknormalen var i mange tilfelle lite påakta. Når ein ser sumt av det som vart skrive i målungdomskrinsar på denne tidi, må ein lura på kor lenge ein kunde halda uppe interessa for nynorsken på eit so utvatna grunnlag. Det kunde berre gå ein veg. Det laut verta ei endring til det betre.

Det var på ei tid då høgnorsktankane vart aktuelle i Norsk Målungdom frå no NMU. Det hev vorte fortalt at målungdomane hadde byrja å interessera seg for Gustav Indrebø og høgnorsken i same tidi som Vestmannen kom. Dei var skeptiske til den veldige utglidingi som bar til i nynorsknormalen.

Viktig var det òg at Vincent Eye Færavaag var aktiv i Oslo Mållag på denne tid. Han var ein høgnorskven, og var i fleire år ein leidande ideolog som m.a skreiv artiklar i Målungdomsbladet EG.

Soleis var det eit visst grunnlag for Vestmannen då han kom. Og det var tidleg god kontakt millom Jostein Krokvik og fleire av dei mest aktive i NMU. Sameleis vart bandi knytte til Sigurd Sandvik. Desse tvo og kannhenda andre vestmenn vart nytta på fleire tilskipingar i NMU. Der argumenterte dei sterkt for Vestmannasynet.

Mange i målungdomen la seg til med eit meir tradisjonelt mål. Og sume nytta rein høgnorsk etter mynster av Vestmannen. Ein bolk var det vanskeleg å sjå skilnad på målbruken i Vestmannen og bladet til målungdomen. Men det kom ein reaksjon mot den mest høgnorskorienterte språkbruken. Ein samla seg um det som difust hev vorte kalla for NMU-normalen. I dei siste åri hev det reist seg kritiske røyster mot denne lina.

Tenlege verknader.

Koplingi millomVestmannalaget/høgnorskrørsla hev vore gagnleg på fleire måtar. Målungdomen hev vore viktige spreidarar av godt mål. Til dømes heitest det at målungdomen spreidde sers mange avprent av eit skrift som Norsk Måldyrkingslag gav ut. I dei siste åri hev Håvard Tangen vore skrivar i Skuleboknemndi. .

Tangen hev gjort eit stort arbeid med Norsk Målsoga. Dette fundamentale verket hev vorte innlese på data av Håvard og medhjelparane hans. Tangen hev kunna venda seg til fagmannen Johan A. Schultze, og Schultze hev sytt for at den faglege kvaliteten i målsoga hev vorte framifrå. Schultze hev havt andsvaret for å trekkja inn den utelatne bolken frå målsoga, og han hev sett inn denne bolken med dei tilvisingar og det uppdateringsarbeidet som Indrebø ynskte.

Me hadde neppe fenge gjort so mykje godt arbeid for høgnorsken utan Vestmannen.

Bladskriving og bladskrivarar

Fleire skribentar hev vorte inndregne undervegs. Sume vilde ha skrive på høgnorsk kor som er. Sume hev lært målet gjenom bladet. Den fremste og mest duglege gjenom åri forutan Jostein Krokvik og Ludvig Jerdal er kanskje Arne Horge. Han hev arbeidt på for høgnorsken og skrive i mest kvart einaste nummer heilt frå den fyrste pionertidi på 1980-talet.

Frå målungdomen er det vel nokre namn som serleg hev gjenge att Bård Eskeland, Hans Olav Brendberg og Håvard Tangen. Elles hev gode skribentar som K. E. Steffens skrive mykje. Johannes Gjerdåker bokreidaren,forfattaren og kulturpersonlegdomen frå Voss. Og mange fleire.

Desse skribentane er dei som held liv i bladet. Dei skriv godt mål, og dei hev hug på å engasjera seg i å markera høgnorsken utetter for ein vidare lesarkrins. I tillegg til dei som er aktive skribentar i bladet fostrar Vestmannen stødt nye høgnorskribentar. Internett hev i dag gjort det høgnorske målet og høgnorske skrifter meir tilgjengelege enn fyrr, men Vestmannen er kor som er eit samlingspunkt som kjem til faste tider.

Nikolaus Gjelsvik - jurist og målreisar

Av Johannes Gjerdåker John Peter Collett:
Historien om Universitetet i Oslo Universitetsforlaget 1999

«Historien om Universitetet i Oslo» er ei nyst utkomi bok. Forfattaren er John Peter Collett, fyrsteamanuensis ved Historisk institutt, Universitetet i Oslo. Boka er på 280 sider i oktavformat, men trass i lite volum gjev ho eit rikt oversyn over framvoksteren til universitetet frå 1813, med sju professorar og 18 studentar, til notida, då det er 5000 tilsette og 34 000 studentar ved Universitetet i Oslo.

Det er framvoksteren i fugleperspektiv forfattaren gjev, men alle større forgreiningar og viktige utvidingar gjennom tida synest vera komne på plass. Innsynet han gjev, er klårt og opplysande i alle tidbolkar av 187 års utvikling, like mykje i 1820- og 1830-åra som i studentopprøret si tid frå 1968 og i den siste trettiårsbolken.

I kapitlet «Universitetet åpner seg sosialt - og kulturelt» viser Collett korleis Universitetet i 1870-åra tok i mot større og større flokkar av bondestudentar. Fram til den tida hadde det vore ein institusjon for utdaning av ein elite som rekrutterte seg sjølv. Her viser forfattaren til Arne Garborgs «Bondestudentar» (1883), som «... gir en sterk fremstilling av hvordan en bondesønn som kommer til universitetet føler seg underlegen embetsmannssønnenes sosiale og kulturelle sikkerhet». John Peter Collett orienterer godt om norskdomssynet til Garborg, og om kor sentralt målsaka stod i programmet hans og i rørsla han vart leiar for. I framhaldet (s. 112) viser han òg korleis landsmålet vart akseptert som akademisk fullverdig språk; han skriv: «Bondesønnen Nikolaus Gjelsvik ble professor i jus i 1906, og bidro mye til å utvikle landsmålet som lovspråk». Det seier seg sjølv at i eit oversynsverk som dette er få personar nemnde. Forfattaren seier: «... sentrale personer og begivenheter er knapt nevnt eller helt utelatt».

Som ein ser, er Gjelsvik ein av dei få nemnde. Her kunne Collett byggja på Leiv Amundsen: «Universitetet i Oslo 1911-1961» (bind I), 1961. Der har Gjelsvik sitt skilsetjande arbeid med jus og det juridiske målet fått ein framskoten plass, og Leiv Amundsen siterer utførleg frå Ragnar Knoph sin sterkt heidrande artikkel om Gjelsvik i «Norsk biografisk leksikon». Både Knoph og Amundsen opplyser òg om Gjelsvik sitt skapande arbeid i målrørsla og om kor avgjerande gjerninga hans var for skiping av landsgymnasa. Ragnar Knoph, som sjølv førelas over «Innleiding i rettsstudiet» av Gjelsvik, hevdar òg at Gjelsvik sin klåre uttrykksmåte hadde velgjerande innverknad på lovspråket i bokmål. I åra etter 1938 har Noregs Mållag og tilgrensande tiltak sjeldan teke opp Gjelsviks tankar om norsk mål og målstode. Ein kan vona at dette vil endra seg, for alle lag og samfunn med ei framtid føre seg vil vinna styrke og inspirasjon ved å venda seg til grunnleggjarane og dei som bar bodskapen fram.

Kong Harald hylla Bergen

Bergen er den mest velkjende byen i landet. Dei som skal verta til noko må fødast i Bergen. Det var HM. Kong Harald V som kom med den hyllingi til Noregs gamle hovudstad Bergen. Kongen sa det i ein tale torsdag 17. Februar, då Bergen heldt offisiell opningshøgtid for Kulturby 2000. Og han bygde sine uvanleg sterke lovord til Kulturbyen på at Bergen hev ei byrg soga og at kunstnarar frå denne byen hev skapt varande verk.

Denne sterke hyllingi kom kongen med i talen han heldt på Torgallmeningen, etter at mange artistar hadde gleda den store folkemugen. Sume blad skreiv at minst 35 000 menneske var samla i friluft den kvelden. Andre heldt på at talet var minst 60 000. Eg var der, og stod fast i ei ugjenomtrengjeleg folkemengd som gledde seg yver attersyn på vår gamle soga, yver musikk, song og ljoseffektar. Ein av "songfuglane" må nemnast serskilt : Sissel Kyrkjebø var komi frå København, og ho song so kløkkjande at folk stod med tåror i augo då ho tolka Bergenssangen som biskop Johan Nordahl Brun skreiv for lenge sidan. —

Det var ein fulltreffar av eit program, som styret og kulturbydirektør Terje Gloppen hadde planlagd og som vart gjenomført so fullkome at alle undra seg og alle gledde seg. Me var trollbundne på den største folkefesten i Bergenssoga. Og i dagane etterpå fylgde tilskipingar på rekkje og rad.

Og dette var berre opningi. I kulturby 2000 er det laga programplan for 300 dagar i året 2000, og med meir enn 1000 tilskipingar.

Ludvig Jerdal

Ung arkitektur med framtidsperspektiv

Bryggens Museum i Bergen hev opna ei ny utstilling av sjeldsynt slag. Namnet på utstillingi er " 20 under 40», og ho syner ung , norsk arkitektur i framtidi Norsk Arkitekturmuseum (NAM) stend bak, og fyremålet er å gjeva glyttar av norsk arkitektur i framtidi.. Dette gjer museet med å setja søkjeljos på våre yngre arkitetkar, "dei under 40».

Jamvel um me hev havt høgkonjektur i byggjing i dei seinste åri hev det vore vanskeleg for dei yngre arkitektane å koma i gang med eigen praksis. Det hev minka med opne tevlingar, og det er strenge krav til praksis for dei som skal få vera med i avgrensa arkitekttevlingar.

No er den store utstillingssalen på Bryggens Museum fullsett langs veggjer og på golvet, og det er ei imponerande samling av teikningar og fotograferte byggverk me fær granska, saman med utfyllande tekster som m.a. syner at det er vanleg at tvo eller fleire unge arkitektar samarbeider um uppgåvor. Her er det rikeleg høve til å undra seg yver korleis det veks ifrå teiknebrettet til det ferdige bygget. Me møter bustadhus, me ser det storfelde Hålogaland Teater, Manhattens skyskparlandskap, musikksenter i Nannestad, Øra musikksenter med fyrstepremi, tollbygning på Gardermoen, Nordisk Ambassadeanlegg i Berlin, Administrasjonsbygg for Sysselmannen på Svalbard, sentrale rasteplassar, hus, restaurantar, hyttor og samlingar av bygg.

Utstillingi er ein lekk av Riksutstellingar og skal vera i Bergen til i slutten av mars. Og mange bør nytta seg av dette synet inn ei framtid. Arkitektur er forvitneleg.

Ludvig Jerdal

Frå det nordiske samarbeidet i 1860-åri

Artikkel frå Bergens Tidende laurdag 4 juli 1953
Eirik Hirth Frå det nordiske samarbeidet i 1860-åri

Skal det gå med Braathen SAFE som det gjekk med THs. Heftye og telegrafkabelen yver Nordsjøen ?

Braathen hev søkt um ny konsesjon for flyruta si. Han hev som Chr. Bjelland og Svend Foyn synt at han eig mannsmot til å reisa ein ny norsk næringsveg utan riksstudnad, berre han slepp til. Men det ser ikkje vidare ljost ut. Det nordiske samarbeidet stend i vegen, høyrest det ut for. Eit døme frå slutten av 1860-åri kastar ljos yver hendingane no. Det er i visse måtar eit analogt tilfelle.

I ein artikkel i Morgenbladet for 18 januar 1865 held Ole Jakob Broch fram kor viktugt det var for oss å få eit direkte kabelsamband millom Noreg og Skottland. M.a. synte han kor uvisst det var med telegrafsambandet sudyver. Året fyreåt hadde me havt den dansk-tyske krig, og då var alt telegrafisk samband med utheimen avbrote.

5 dagar etter denne artikkelen var skriven vart der på Oslo børs konstituert eit norsk-svensk-engelsk kabelselskap. Kabelen med det som tilhøyrde vilde koma på 60 000 pund St. eller 1.080.000 kronor. Seinare vart lutlaget brigda til Britisk-norsk selskap, då det synte seg at svenskane heldt seg burte frå lutteikningi.

Då denne saki frettest i Danmark vart det i Kjøbenhavn uro i andedammen. Den store mann direktør Tietgen fekk bladet Fædrelandet til å kunngjera at dei danske no låg i tinging um ein direkte kabel Russland- Danmark og til denne skulde det knytast ein kabel Jylland- England. Den norske korrespondanse vilde naturleg koma i samband med denne ved ei lina Noreg- Jylland.

Frå dansk sida gjekk no alt arbeid ut på å hindra at den norske kabelen Noreg-Skottland vart utlagd. Men med lutteikningi gjekk det ikkje so lett, 15 000 pund var det heile, og derav var 10 000 i Noreg. Då det engelske telegrafselskap skulde skjota til 30 000 pund av dei 60 000, såg det likevel ikkje so verst ut.

Men so kom i 1866 den tysk-austerrikske krigen. Atter synte det seg at der var vanskar med utlandet telegrafisk. Og no gjekk det lettare med teikningi, soleis at den halve lutmidelen var umlag teikna. Noko lutlag for kabelen Jylland- England var ikkje kome i stand. Men året etter, i 1867, vart skipa ei sendeferd til Noreg med riksdagsmann Mørk i brodden. Denne sendeferdi hadde til uppgåva å få Noreg med på eit "Nordisk telegrafkompani". Mørk fekk og den norske direksjon for Det norsk-britiske lutlag til å samtykkja i utsetjing med nedleggjing av kabelen, so tingingane kunde halda fram.

I januar 1868 vart det so sendt frå København ut innbjoding til lutteikning i ein kabel Jylland- England. Og pengane strøymde inn.

I millomtidi hadde nordmennene halde skoft i arbeidet. På børsmøte 2. juni same år vart det upplyst at alt var greidt med den norske-britiske kabelen. Englands største private telegraflag "Electric and international" ,hadde gjenge med på i dei norske vilkåri. Det skulde leverast kapital for 54 000 pund, soleis at nordmennene skulde leggja 24 000 pund. Og no fekk det norske telegraflaget sine fyresegner på ei generalforsamling 13. juli 1868. Danskane derimot var berre komne i samband med eit lite ringt selskap, United Kingdom.

No venta dei i Oslo at alt skulde gå i lås ut etter sumaren. Men den 2. september kunde bladi melda at kabelen ikkje kunde verta nedlagd den sumaren,og at det norske laget hadde yverlate den ferduge kabelen sin til det danske laget til nedleggjing i Østersjøen. Til vederlag skulde nordmennen få den danske kabelen som var under arbeid til nedleggjing næste sumar.

Men millom 2 juli og 2. september hadde hendt mykje.

På ei reis til London 1. juli 1868 hadde konsul Ths.Heftye den 16. juli i København kome saman med statsråd C. F. Tietgen. Han kunde fortelja at "vi danske aldeles ingen animositet nærer mot eder", men no hadde det den store fyremun at um 14 dagar fekk dei konsesjon frå russisk sida, som i stor mun vil føda deira kabel. "Men desuagtet hvis I er enig med mig, vil jeg gjøre mine meddirektører et tilbud om at vi slutter oss sammen med eder om at dele indtegterne, så De får 1/3". Men avgjersla måttc, upplyste Tietgen , takast straks. Semja med "International" laut gjerast um att og alt vera greidt til 20. juli. Då skulde den engelske telegrafbill um yvertaking av dei private linone verta lesen i Underhuset. Seinare vart det for seint.

Heftye vilde no likevel ikkje med ein gong binda laget sitt, men heldt fram med ferdi si til London. Og Tietgen let han fara. Den danske statsråden hadde alt fyreåt sagt frå korleis den norske sendemannen burde verta motteken i London.

Her fann Heftye allting brigda. Dei fortalde han at International vedstod ikkje semja med det norske laget. Dette skulde no ha vore ein kraftig nok støyt for Heftye. Men det synte seg sidan at dette galdt berre til "billen" var lesen i Underhuset,og sidan var dei like viljuge som fyrr til å vedstå semja.

Men langt verre var det som Heftye fekk vita av andsvarlege danske menn i London. Dei mottok honom med kulde. Dei kunde upplysa at det danske selskap hadde fenge tilsegn frå det britiske postdepartement um at staten -- um han vart eigar av private linor, vilde lata alle telegram nord for Flensborg verta sende på den danske kabel.

Det høyrdest fælt ut, og Heftye trudde det var berre skræmeskot frå danske sida, for ingi britisk regjering kunde finna på noko sovore. Ein fekk då og seinare vis mun um at denne lovnaden berre galdt det vesle "United Kingdom"s korrespondanse når staten hadde yverteke linone til dette laget.

Stutt sagt : Heftye trudde slaget var tapt og at der var ingen ting meir å gjera i England. Ja, han skyna ikkje eingong dei ordi den engelske tingingsmannen, sekretæren i postdepartementet, let falla . De danske er eders fiender." Og denne same sekretæren upplyste seinare i brev til grosserar J. Ebbel at det britiske postdepatermentet var viljugt til å visa den norske kabelen all naudsynt velvilje.

Men Heftye for frå London som ein slegen mann og skunda seg til København. Han vilde freista å få so rimelege kapitulasjonvilkår som råd var. Og Tietgen var ein nådig mann som på høveleg vis tok mot ein som tregar det han hev gjort.Det var nok so at Tietgen hadde kravt greidt svar på til 20. juli. Men han var no ikkje verre på det, han kunde vedstå i ymse vilkår framleis. --

Og so gjorde desse tvo på vegner av dei tvo lagi ei semja, dagsett 12. juli 1868. Etter henne skulde dei tvo lagi samarbeida um utleggjing av tri kablar : Noreg-

Til s. 7

Frå s. 6

Skottland, Noreg Jylland og Jylland-England, soleis at 1/3 skulde koma Noreg til gode, 2/3 av innkoma skulde tilfalla Danmark. Danskane kom likevel ikkje til å leggja ut kabelen Jylland - England. Ein engelskmann tok det arbeidet på seg, og etterpå selde han kabelen til Tietgen, sidan engelskmannen vart pengelaus, for rimeleg pris.

Danskane skaut til 65 prosent og nordmennene 35 prosent av lutmidelen. Men der var ein hake med det , som sette nordmennene heilt ut av spelet og brøytte vegen for dansk einevelde når det galdt telegraflinone. Og den såg soleis ut : " Alt mellemværende og den hele regning med hensyn til landbefordringen i England så vel så længe denne udføres av The united Kingdoms Telegrafcompany som efter at den engelske regjering måtte overta samme linjer, besørges udelukkende av det dansk-norske-engelske selskap, ligesom dette selskapet også iverksætter alt fornødent med hensyn til traffikens fremme m.v. i England.

De utlægg selskapet derved har godtgjøres samme av det norsk-britiske selskap med 1/2" I samband med dette kann nemnast at danskane underhand hadde kjøpt upp halvparten av dei luter kabelfabrikant Henby hadde teikna i det norske selskapet med 15 000 pund.--

Men no hende noko morosamt. Hake nr. 2. På denne tid vart Tietgen utnemnd til riddar av St. Olav, og den danske telegrafdirektør Faber som heile tidi hadde vore Tietgens høgre hand, vart kommandør av same St. Olav. -- A. O. Vinje nemner ein stad um å kyssa slavebolten. Biletet høver ikkje so ille her. Rett skal vera rett.

No kann det vera at det norske riksstyre på denne tid ikkje hadde kjennskap til det som hadde hendt. Men det høyrest noko utruleg ut det og. Og i alle høve burde det ha kjent til ei so ålvorleg sak, fyrr det gjekk stad og fekk låtten yver seg-- og skam med.

Men ein må trass alt sjå med undring upp til denne Danmarks store gåverike forretningsmann og strateg.

Heftye kom no heim til Oslo med kapitulasjonsvilkåri i lumma. Samstundes laut han melda at han hadde yverlate til danskane den nettupp ferduge kabelen til nedleggjing i Østersjøen. Til vederlag skulde nordmennene få den kabelen danskane nyleg hadde tinga. Sjølvsagt var han av mykje betre kvalitet, men kunde fyrst verta nedlagd året etter.

Grosserar Ebbel freista å halda fram med striden og skreiv ein artikkel i Morgenbladet 14. sept.

Same dag vart det halde møte på Oslo børs. Her fann Ole Jakob Broch at det no ikkje var anna å gjera enn å gå med på semja som var gjord. Skulde det no bresta, kunde endelykti verta at me ingen kabel fekk, men laut nøgja oss med eit serskilt telegrafbyrå der burte. Dei andre på møtet sa seg samde med honom. Ein protest frå 118 luteigarar i Drammen ved statshauptmann Schwartz, vart det ikkje teke noko umsyn til. Berre ein røysta imot. Nytt møte vart tillyst til 28. september for å få istand nye fyresegner.

I millomtidi var grosserar Ebbel faren til England. Han vilde få fullgod greida på stoda. Han kunde straks melda heim at International vilde vedstå semja si med nordmennene og at dei i samhøve med lovnaden frå Postdepartementet kunde rekna med den same velvilje som vart synt alle andre liknande telegraflag.

No kom og for dagen dei måtar som danske agentar hadde blanda saman sendingane frå det private telefonlaget United Kingdom med den samla britiske sendingi. Og det var noko heilt anna.--

Nei, frå engelsk side skulde der ikkje verta noko vanskar i vegen for det norske laget. Men på møtet på børsen den 28. setptember våga likevel ingen taka upp kampen mot danskane. Dei hadde alt fenge eit so sterkt tak på det norske telegraflaget at det vilde verta spurnad etter ny midel. Saksøknader laut ein og vera budd på.

Dessutan trudde dei og på det danskane sa, at kabelen Russland, Finnland , Sverike skulde føda seg sjølv, og då vilde dei tevla ut det norske selskapet.

Og møtet godkjende framlegget frå styret. Det norske laget gjekk upp i Dansk-norsk-engelsk Telegrafselskap som 1. mai og vart smelta saman med Dansk-russisk Telegrafselskap i 1869 og sidan utvida til Det store nordiske Telegrafselskab. Kabelen yver Nordsjøen vart lagd i 1869 - for dansk rekning.

Soleis heng det saman at alt telegrafisk nytt til Noreg gjeng yver København. I fylgje med dette kom det yvertaket København fekk på norsk forretningsliv i Oslo. Byen var vorten hovudstaden i Norderlandi. Og den seinare geheimeråd Tietgen, Danmarks fremste og største forretningsmann, var sjeli i det heile.

Eit strålande døme på korleis den nye skipnaden verka hadde me m.a. i 1909 då Sicilia hadde vore ute for ei landsulukka. Noreg var eit av dei landi som fyrst tok til å samla inn gåvor til folket der nede. Og Sverike fylgde godt etter.

Men i Italia fekk dei ingen ting vita um innsamlingi.Men den danske brikte so å segja til yvermål.

Kvifor ? Jau, alt nytt gjekk yver København. Og der sat Ritzaus byrå og stogga det heile.

Heller ikkje den svenske innsamlingi fekk sleppa fram. Det lukkast fyrst då dei tok vegen um diplomatiet.

Men Noreg ?
Vår konge var millom dei aller fyrste som teikna seg. Men det vart ikkje nemnt. So kom endeleg den danske kongen ei vika seinare. Morgonen etter stod det i italienske blad at den norske kongen hadde teikna ein liknande sum som danskekongen.

Noko av dette same tok seg uppatt frå dansk sida då nordmennene i 1909 vilde skipa si eigi Amerikalina. Straks var danskane der og skulde skipla tiltaket. Då kom dei og med framlegg um samarbeid. Dei hadde sjølve ei Amerikalina, Tingvalla-lina. No galdt det um å få samlig kring henne. Men det skyna dei gjekk ikkje, korkje her eller i Sverike.

Men so synte det seg eit utyske som heitte Birmaplanen, um han samla dei seg med stor samhug. Etter denne skulde svenskane kjøpa 2 gamle danske skip til kostnadspris - 5 prosent i årleg avskriving. Nordmenn skulde og punga ut.

Dessutan skulde det ikkje setjast igang nye rutor på Amerika. Og godstrafikken skulde haldast utanfyre. Det vil atter segja at um honom skulde danskane vera åleine. Vidare skulde København vera endepunktet for lina. Her skulde vera uppleggsplass og umlasting og frihamn for førsla til andre nordiske hamnar og Østersjølandi.

Godsvarone kunde dei so senda med eigne båtar og på eigne rutor til rette vedkomande. Stoppetidi i Bergen, Kristiansand og Oslo skulde vera stutt. Og då laut varone fylgja med til København. Eller var det mykje varor, laut dei liggja yver og gå med danske båtar frå Sambandsstatane. på vestgåande vilde det same henda.

Dette er synbert alt no.
Men denne gongen lukkast det ikkje for danskane å få Birmaplanen i hamn. Fyrst braut svenskane ut og sidan nordmennene. Men det var etter både lang og kvass strid det lukkast.

Sagt:

Sidemålsstilen vart innført i norsk skuleverk i 1909, hovudsakleg etter førearbeid frå målvenlege politikarar; men me skal heller ikkje gløyma at ei organisert mål- kulturrørsle hadde byrja byggja seg opp på denne tida.
Thomas Andre Hassløy, NMU-heimesidone.

Elles er det jo slik at pga. bokmålsveldet er BM lett å læra okkesom. Nynorsk er det litt verre med. Eg kan jo spørja korleis folk skal få lært det om ikkje gjennom skulen - NRK og Dagbladet er i alle høve ikkje til å lita på som NN-formidlarar.
Thomas Anre Hassløy, NMU-heimesidone.

Nynorsken er m.a.o. einaste språket som har norske røter. Eg ynskjer at alle skuleelevar skal velja norsk - nynorsk. Det siste eg ynskjer er å fjerna sidemålsundervisninga: Då får du som elev kanhenda lettare gode karakterar, men du vert dummare avdi du ikkje får kjennskap til norsk språk slik at du kan gjera deg opp di meining om målsaka og velja sjølv.
Thomas Andred Hassløy, NMU-heimesidone.

Årsaka til at staten tok sidemålet inn den gongen, er den same som gjer at sidemålet framleides er ein lut av norskfaget: Staten Noreg har to jamstelde skriftmål - bokmål og nynorsk. Dei representerer to ulike tradisjonar i norsk språk, og for å kjenna dei båe og kunna nytta dei båe skal elevane hava eit hovudmål (det målet dei sjølve skriv) og eit sidemål (som er ei vesentleg mindre innføring i det andre skriftmålet).
Thomas Andre Hassløy, NMU-heimesidone.

Erling Kristvik Målkunnig pedagog

På eit møte i Vestmannalaget gav Asbjørn Tveiten eit klårt og levande bilete av pedagogen Erling Kristvik, mannen som sume kalla Kvistvik for skjemt. Kristvik hadde eit sjølvstendig filosofisk syn på uppsedingi, med vekt på dynamiske og biologiske faktorar, samstundes som han vart sterkt etiskreligiøs forkynnande. Med bakgrunn i Kristviks innsats i skulen, på folkehøgskule og lærarskule, som skuledirektør i Nordland og Troms og som tenestegjerande professor i pedagogikk på Noregs Lærarhøgskule i Trondheim kom Tveiten med ei vurdering av denne arbeidskapasiteten i norsk skule og folkeupplysning. Kristvik var med og forma lærarskuleelevane, og det fekk mykje å segja for den pedagogiske upplæringi.Han gjorde eit stort nybrotsarbeid med nynorske nemningar i pedagogisk filosofi. Han fann råkande ord, og han var vel heime i pedagogikk. Han var ein tenkjar,og ein levande lærar.

Kristvik vart professor på Noregs Lærarhøgskule etter Søren Nordeide. Båe var autodidaktar. Lærebøkene til Kristvik er grunnleggjande. Med bøkene sine braut han med dei rådande tankane i tidi, han var uppteken av samanhangen. Velferdi til neste generasjon er det viktugaste, sa han. Og difor heldt han fram kor verdfullt det er å fremja mest mogleg av foreldreandsvar. Heim og skule må samarbeida. Samspelet

millom samfund, kultur og skule var Kristvik sterkt uppteken av.

Erling Kristvik var debattglad,og Tveiten gav råkande skildringar av korleis han kunde gå til åtak på sine motstandarar, og so taka sterke ordskifte med deim. Ogso med prost Lars Tjensvoll i Volda var han ofte i ordskifte. Hovudbøkene til Kristvik er sjelelæra og bøker i livsupplysning, og i bøkene sette han pedagogikken inn i ein litterær samanhang.

Det vart eit forvitneleg ordskifte etter fyredraget. Og tvo av debattantane var tidlegare elevar av Kristvik : Lærar Skeie og Petter Hole. Dei kunde vitna at rettnok var Kristvik debattglad, men han kunde òg slappa av i unelege samvere og finna den hugnadsame tonen.

Ludvig Jerdal

Storfelde hagar og annan venleik

«Jordi rundt i ord og bilete, sumaren 1999». Det var emnet for eit målande kåseri som Gunnar Gilberg heldt på møte i Kunstnersamfundet i Bergen. Han og fru Ingebjørg hadde bruka 7 vikor på ei verkeleg langferd, og med ord og ljosbilete stadfeste han at han er ein god uppdagar, ein fin forteljar og skildrar, og ein fotograf som veit korleis han skal få med seg inntrykki.

No fekk ein interessert og takksam møtelyd fylgja han. Det var til Seattle og til vidder i Alaska der unge norske gullgravarar tok fårlege ferder i øydemarker i fyrre hundradåret. Og me var med talaren og fotografen til Victoria ved det mektuge Stillehavet der me såg ein av dei mest storfelde hagane i verdi, ein hage med mange tilsette og med ein hagemann som Arild Solbakken som var so glad for Sigurd Sandviks bok um Suldalsmålet. Saman med kona Astrid driv Arild Solbakken i denne makelause blomehagen, som er nr: 10 av all verdsens reisemål for turistar.

Ferdi gjekk til Mexico-grensa og California og Britisk Columbia, til San Fransisco, og til Hawai ute i Stillehavet, ei øy med eit serskilt miljø og ein servoren kultur. Og til slutt kom me til Japan, til skiparen av det japanske Rhododendronselskapet. Fargebileti var so mange og festlege at det var ei frygd å sitja i salen. Dertil fekk me herleg musikk i tvo umgangar, på harpe, piano og fele, av kunstnarparet Turid og Henryk Kniejski.

Ludv. Jerdal

Erling Kristvik og ein nynorsk pedagogikk

Av Lars Bjarne Marøy

Kristvik var ein framståande pedagog i millomkrigstidi, og han markerte seg med å skriva ruvande lærebøker for lærarstudentane i denne tidi. Kristvik vart eit aktuelt namn etter at Rune Slagstad drog han framatt i boki si "De nasjonale strateger" i 1998. I 1999 kom det ei ny bok som m.a. tek fyre seg Kristviks pedagogikk og livsgang. Den nye boki heiter "de strategiske pedagoger". Forfattaren er pedagogen Erling Lars Dale.

Pedagogen AsbjørnTveiten meiner at det finst grunnlag for å snakka um ein nynorsk pedagogikk kring 1910. Fleire nynorskbrukarar hadde markert seg med litteratur alt då og i tiåret som kom vart det fleire. Mattias Skard og Henrik Kårstad var fyrst ute. Likeins var Andreas Austlid tidleg ute. Austlid vart kjend som lærebokutgjevar og leseverket hans vart ein klassikar for ungdom som fekk utdaning på nynorsk. Alt i 1910 var nokre av hovudbøkene i pedagogikken på nynorsk.

Erling Kristvik skulde koma til å verta ein av dei mest markante nynorskpedagogane i millomkrigstidi. Han var fødd i 1882 og døydde i 1969. Karrieren hans i skulen tok til i Volda. Han arbeidde ved lærarskulen i Volda i bolken 1908-1913. Frå 1913-1915 var Kristvik ved Møre Folkehøgskule i Ørsta. Frå 1915-1923 var Kristvik yverlærar på lærarskulen i Tromsø. Med undantak for skuleåret 1920- 1921 då han underviste i eit lærarhøgskulekurs på Bondi Asker saman med Torstein Høverstad. I åri 1925-1930 var Kristvik skuledirektør i Nordland og Troms. Frå 1930- 1946, med undantak for krigsåri då han vart utvist, var Kristvik rektor ved Volda lærarskule.

Ved inngangen til 1920-talet kom Kristviks fyrste bøker. Kristviks fyrste bøker høyrer til genren pedagogisk sosiologi : Folkelagnad. Tankar um samfund og kultur (1920) og Læraryrket. Innføring i Pedagogikk (1925).Kristvik vart pensum for lærarskulestudentane i ein 40 årsbolk.

Kristvik må lesast inn i ein kontekst. Han var ikkje av dei fremste handlingsstrategane som Rune Slagstad talar um. Men Asbjørn Tveiten meiner me kann skyna Kristvik utfrå ei inndeling som Gunnar Skirbekk hev gjort. Skirbekk talar um handlingsstrategar på den eine sida. Det var slike som Fredrik Stang og Einar Gerhardsen. På den andre sida snakkar Skirbekk um dei prismatiske strategane. Det var slike som braut tankane i tidi, slik at me kann sjå det karakteristiske i samtidi gjenom deira perspektiv. Kristvik er ein slik prismatisk strateg. Han er etter Tveitens meining det einaste originale tilskotet til den norske pedagogikken.

Kven var so Erling Kristvik. Kristvik var mangslungen. Han var måldyrkar. Han laga nye ord som mange fekk godhug for og som mange undra seg yver. Eit av desse var ordet næmingshått som mang ein lærarskulestudent laut læra seg. Kristvik var på mange måtar ein forskar, men han hadde neppe nokon gong forskingsfri. Bøkene hans vart skrivne attåt ei hard lærargjerning. Kristvik stod upp ved 5-tidi og sette i gong med skrivingi beinast fyrr arbeidsdagen tok til.

Kristvik var ingen strateg. Han støytte frå seg mange av dei som elles skulde ha vore hans beste hjelpesmenn. Han handla ikkje til fyremun for sitt eige pedagogiske program. Han køyrde so hardt ut mot motstandarane sine at han ikkje kunde venta seg å vinna nokon tilslutnad der, same kor geniale tankar han elles kunde lansera.. Trass i dette var han ein utruleg kunnskapsrik mann. Han var vel inne i skandinavisk pedagogikk, i tysk og fransk pedagogisk litteratur. Desse kunnskapane drog han jamnt veksel på.

Politisk var Kristvik klår. Han var imot politikk. Han var med eitt ord apolitisk. Skulen skulde ikkje styrast av politikarar. Det var foreldri som skulde vera skulens uppdragsgjevar og ikkje nokon statleg instans. Desse tankane kom naturleg nok i veldig konfrontasjon med den sosialdemokratiske einskapsskulen, og det førde med seg at Kristvik vart totalt tilsidesett og skubba ut i den kalde gløymsla på 1950-talet.

Ein hovudtanke i Kristviks pedagogikk var at pedagogikken skulde fremja mogningi for foreldri. Det var det barnekjære mennesket Kristvik vilde hjelpa fram. Velferdi til barnet var det høgste bodordet for Kristvik. Samarbeidet millom heim og skule var avgjerande for at arbeidet skulde verta vellukka. Foreldri måtte engasjera seg mest råd i skulen. Læraren skulde leva seg inn i barnehugen. Han skulde vera herre og ikkje tenar. Eleven lyt veksa og læraren minka, elles vert ikkje upplæringi vellukka.

Kristvik rekna med ein samanheng millom det biologiske og det historiske upphavet til menneski. I dette utgangspunktet var kvinnone yverordna. Det var kvinnone og det feminine som var det parentale eller foreldrehåtten. Denne håtten laut aukast fram. Medan den maskuline parasittiske håtten, eller snyltarhåtten laut minkast ned. Det vilde føra mannen fram til jamstelling med kvinna.

Ein skulde tru at tankane um foreldrestyrd skule og framauking av det kvinnelege av moderhåtten, vilde gjera Kristvik aktuell, men desse tankane nytta Kristvik til å forsvara at kvinnone skulde vera heimeverande og til å kritisera urbaniseringi. Det var ikkje alltid serleg umtykt, og det vart rekna for avaldra synsmåtar utyver på 1950-talet.

Kjeldor henta frå fyredrag av Asbjørn Tveiten i Vestmannalaget 17 februar og frå Erling Lars Dale, de strategiske pedagoger.



Ein trugen lesar av Vestmannen hev merkt seg eit ordskifte som hev vore i Aftenposten. I ordskiftet vert det spurt um me treng nynorsken. Ein debattant meiner at dette er eit dårleg spursmål. Eg hev aldri høyrt at det finst korkje dårlege eller dumme spursmål, segjer lesaren vår. Men det er onnorleis med svari. Kanskje det er svari på spursmålet som er største ankepunktet for innsendaren til Aftenposten ?

Nynorskaksjon mot Microsoft!

Microsoft presenterte Windows 2000 på Hotell Norge i Bergen i dag. Utanfor hotellet samla det seg nynorskfolk til aksjon, med krav om nynorskutgåve av programmet. Det var innslag om aksjonen på Vestlandsrevyen.

Henta frå www.nynorsk.no

Olav Hoprekstad eit 100-års minne

Av Ludv. Jerdal

Bondeungdomslaget Ervingen fyller 100 år no 20. mars. Det er det nesteldste bondeungdomslaget i landet, og hundreårsjubileet gjer det naturleg å taka fram minnet um den fyrste formannen i Ervingen, skulemannen, forfattaren, organisasjonsmannen og kulturpersonlegdomen Olav Hoprekstad. Han var ein av dei sogningar som sette merke, både i Bergen og i landet elles. Han åtte ei arbeidskraft av sjeldsynt slag.

Olav Hoprekstad var fødd i Vik i sogn i 1875. Han gjekk Sogndal Folkehøgskule, Hamar Lærarskule og Den gymnastiske sentralskulem, og han var lærar på Notodden Lærarskulde i tvo år og i folkeskulen i Kristiansand i eitt år. I 1899 kom han til Bergen, og her var han lærar og seinare yverlærar, m.a. på Møhlenpris skule og på Fridalen skule heilt fram til aldersgrensa. I krigsåri var han millom dei avsette lærarane som vart førde til Kirkenes. Då Ervingen vart skipa 20.mars, vart Hoprekstad vald til fyrste formannen. I lærarorganisasjonar og i nasjonale og kulturelle organisasjonar fekk han ei mengd tillitsyrke. Han var med i styret for Bergen lærarlag og i Noregs lærarlag, i Vestmannalaget og i det Norske Teatret, og formann i Norsk Bokmannslag. I Vestlandske Mållag var han han varaformann i 24 år, saman med lærarkollega Eirik Hirth som var formann. Og han var formann i den store Vestlandske Lærarstemna i heile 35 år, frå 1910 til 1945.

Attåt dette skreiv han mange bøker, mange skodespel som skildra vestlandsk bygdeliv og som hadde fasthogde replikkar i eit mål. Han skreiv bygdebok for Vik i fleire band, og han var aktivt med i dagsens ordskifte.

Teatermannen Hoprekstad er eit kapitel for seg. Frå 1913 til 1940 var han fast teatermeldar i Bergens Tidende, og frå 1949 og i mange år deretter var han teatermeldar i Gula Tidend. Teaterstykki hans vart spela både på den Nationale scene, på Komediateatret og på Det norske teatret. Ingen nynorskskrivande skodespelforfattar hev fenge so mange stykke framførde på teater som Hoprekstad.

Hoprekstad var ein dugande talar og debattant. Saman med Eirik Hirth var han millom dei førande i landet i kampen mot den nye rettskrivingi som kom i 1938. Han hev fortalt um det møtet han og Eirik Hirth hadde med dei tvo mektuge BT-redaktørane Finn Bøgh Henriksen og Håkon Torsvik fyre den kampen. De skal få all hjelp frå BT i denne kulturkampen, sa dei tvo redaktørane. Og dei heldt ord.

I 50-årsboki um Ervingen som kom i 1950 er det Hoprekstad som hev skrive umlag tridjeparten av dei 167 sidone. Der fortel han frå lagssoga i 50 år i artikkelen " Byen og innflyttarane", og det er solid historieskriving som syner historikaren Olav Hoprekstad.

Olav Vevle

Skuledirektør Olav Vevle vart tidleg ein landskjend skulemann, organisasjonsmann og politikar. Han var bondegut frå Haus (Osterøy), fødd i 1862. Lærareksamen tok han på Stord i 1882, og var lærar i ymse bygder til han kom til Bergen der han var lærar i folkeskulen 1896- 1910. Og so var han skuledirektør i Bjørgvin bispedøme frå 1910-1933. Det var ein stor embetskrins, og tidi hans fall inn i det store målbytet i skulen. Ei mengd krinsar i Bjørgvin skuledirektorat gjekk i den tidi yver til nynorsken. Vevle sat i Bergen bystyre 1902-1919, 1922-1935, rådsformann i Vestlandsbanken 1926-1943, formann i Bergen Edruskapsnemnd 1933 -1946. I Vestmannalaget var han med i stjorni frå 1899-1904,og det var han som tok upp tanken um at Vestmannalaget skulde få skipa eit bondeungdomslag i Bergen. Den ideen vart sett ut i livet, og i 1900 vart Ervingen skipa. Og i Ervingen og i Vestlandske Mållag so vel som i Vestmannalaget og i fråhaldsarbeidet var Vevle trufast til han bråtт døydde i 1950, 88 år gamal.

Lars Bjarne Marøy

«Tett ved stova ei bjørk so breid»

Dei tre store i folkemusikken: Sjur Helgeland til venstre, Myllarguten i midten og Ola Mosafinn til høgre

«Noregs nedfallstid»

Nesteldste Bondeungdomslag i Noreg fyller 100 år

Av Ludvig Jerdal

Bondeungdomslag i byane er eit serskilt innslag i den frilynde ungdomsrørsla i Noreg. Dei fyrste vart skipa ikring fyrre hundradårsskiftet, og det andre i rekkja var Bondeungdomslaget Ervingen i Bergen. Det fylte 100 år 20. mars.

Lag for bondeungdom i byane

Bondeungdomslagi er frå fyrst av lag for bondeungdom som er flytja til ein by. Og desse lagi hev ikkje sidestykke i noko anna land. Lagi er med i Noregs Ungdomslag, anten i eit fylkeslag eller beinveges innmelde. Det fyrste bondeungdomslaget, det som no heiter Bondeungdomslaget i Oslo, vart skipa i Christiania 15. Oktober 1899. Upptaksmannen var den 22-årige bladmannen Klaus Sletten som kom frå Lindås i Hordaland, og han var lagsformann i dei fyrste 15 åri. I lovene heitte det at laget skulde samla norsklynd bondeungdom til samvere og samarbeid på heimleg grunn og gjeva bondeungom i hovudtstaden vern og hjelp, auka vyrdnaden for bonden og bondevyrdnaden og arbeida for atterreising av det norske folkemålet, for edruskap og for nasjonalt sjølvstende i alle leider.

Det andre bondeungdomslaget kom i Bergen nokre månader etterpå, det vart skipa 20. mars 1900 og fekk namnet Bondeungdomslaget Ervingen. Upptaket kom frå Vestmannalaget, det eldste mållaget i landet, som er skipa 21. januar 1868. Fremste talsmannen for samling av ungdomen i eit bondeungdomslag var den kjende skuleinspektør Olav Vevle. Og ein annan kjend vestmann, yverlærar og forfattar Olav Hoprekstad, vart fyrste formannen.

Det tridje bondeungdomslaget kom i Stavanger, skipa 21. september 1900 med Magnus Vaage til formann. Kristiansand fekk sitt bondeungdomslag i 1911, og utyver i 1920- og 1930-åri kom det bondeungdomslag i mange andre byar både austpå og nordpå.

Bergen med tvo bondeungdomslag

Eit undantak innan denne ungdomsrørsla er Bergen som hev tvo bondeungdomslag. Ein flokk i Ervingen braut ut. Den 27. april 1909 skipa dei Bondeungdomslaget i Bjørgvin, og sidan den tid hev Bergen havt tvo bondeungdomslag. Det er gjeve ulike tolkingar av den striden som førde til at byen fekk tvo lag som båe var med både i Noregs Ungdomslag og i Noregs Mållag. Alle som var med i Ervingen var målfolk, og det hev vore peika på at det vart usemja um korleis vinsten på lagsbruk som var skipa skulde brukast. Gula Tidend var skipa, og ikkje alle var samde um kor stor lut av yverskotet på lagsbruki skulde gå til bladet. Det var òg ei viss usemja um Ervingen skulde vera beinveges tilmeld til Noregs Ungdomslag eller tilmeld gjenom fylkeslaget Hordaland Ungdomslag som då var skipa. Dei som braut ut or Ervingen, gjorde det etter eit vedtak um at Ervingen ikkje skulde gå saman med Vestlandske Mållag um å skipa skytningsstova og eit herbyrge.

Motsetnadene millom dei tvo bondeungdomslagi var heller sterke i den fyrste tidi, men det hev jamna seg ut seinare. Og båe lagi hev drive fredeleg kappestrid, og havt mykje samarbeid. Det er verd å merkja seg at millom dei som braut ut og skipa Bondeungdomslaget var tri tidlegare formenn i Ervingen : Eirik Hirth, Magnus Vaksdal og Olav Helkild. Men Olav Hoprekstad braut ikkje ut, og han og Eirik Hirth møttest att i Vestmannalaget der dei var millom dei førande. Og i 24 år var dei saman i styringi av Vestlandske Mållag: Hirth var formann, og Hoprekstad var varaformann. Båe var kjende skulemenn i Bergen.

Lanssamskipnadene Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag

Dei fyrste frilynde ungdomslagi i Noreg er frå 1860- og 1870-åri. Det fyrste mållaget i landet var Vestmannalaget, skipa i Bergen av ekte bergensarar 21. Januar 1868. Og i mars same året kom det andre: Det norske Samlaget, i hovudstaden. Noregs Ungdomslag, landssamskipnaden for frilynde ungdomslag, vart skipa i Trondheim 11. juli 1896 og hadde det fyrste året med 9 fylkeslag og 192 einskildlag og i alt 15 489 lagsfolk. Noregs Mållag, landssamskipnaden for målfolk vart skipa 5. februar 1906 på eit målmannsmøte i Oslo. Upptaket kom frå Vestmannalaget der Gula Tidend redaktøren Johs. Lavik var den fremste talsmannen. Og fyreloga var å samla alle som hev samhug for målreisingstanken. Dei fleste Bondeungdomslagi, ogso dei tvo i Bergen, hev heile tidi vore med i både Noregs Ungdomslag og i Noregs Mållag. Dei fleste ungdomslagi i bygdene hev vore med berre i Noregs Ungdomslag.

Ervingen med stor aktivitet

Bondeungdomslaget Ervingen kann sjå attende på sterk aktivitet i sine hundrad år. Husspursmålet var vanskeleg i dei fyrste åri, og laget sette av pengar til eige hus. I 1913 vart det tinga med dei andre mållagi i Bergen um samarbeid med tanke på å byggja møtehus, men freistnaden førde ikkje fram. I 15 år var Ervingen utan hus. Men so vart eigedomen Gimle i Kong Oscarsgate 18 kjøpt. Eigedomen var bygd i 1898 som godtemplarhus. No var det til sals, og Ervingen kjøpte Gimle 19. mars 1915 for 135 000 kr. Eit lagsmøte dryfta 13. oktober same året namnespursmålet. Namn som "heim", "Vonheim"," Ervingheim" og "Veum" var på tale. Men avrøystingi synte fleirtal for å halda på namnet Gimle som eigedomen hadde. Gjenom dei mange åri er eigedomen vølt og påkosta mykje, og Gimle er eit velkjent møtehus. Ei rad andre lag hev leigt rom til møte og festar, skular hev leigt klasserom, og Ervingen hev bruka romi sjølv til si allsiduge verksemd. Vaktmeister flutte inn i huset og stod for verksemdi.no til 100-årshøgtidi er festsalen fjelga; men laget hev alltid vore uppteke av å halda huset i god stand.

Verdfulle kunstverk i festsal og på kontor.

Dei som hev styrt i Ervingen hev havt sans for å pryda festsalen med verdfull kunst, til gleda for alle som kjem på møte og fest. I den store møtesalen i Gimle heng tri store kunstverk, alle måla av Lars Osa : Det eine er Ivar Aasen i heimetunet med ei symra, det andre syner tri meisterspelemenn : Myllarguten, Sjur Helgeland og Olav Mosafinn, og det tridje syner ei ung kvinna attmed ruinone av Hamar Domkyrkja. " Noregs nedfallstid" er namnet på dette målarstykkjet, som òg syner oss Håkonshallen og ei stavkyrkja

Til s. 12

Frå s. 11

i bakgrunnen. På heidersplass i hallen heng òg Ivar Aasen, måla av Olav Rusti, Arne Garborg måla av Frida Rusti,og fyrste formannen Olav Hoprekstad, måla av Knut Glambek. Og på lagskontoret heng store portrett av oberst Henrik Angell, biskop Peter Hognestad og diktaren Hans Reynolds. Det sistnemnde er måla av Frida Rusti. Og dertil eit meisterverk av Knut Bergslien : Den skinberlege hinmannen med hestehov som gliser til ei fager kvinna som er i nærleiken. Vaktmeister Malkenes i Gimle syner oss desse kunstverki som ervingane er byrge av.

Gjeng me so til kaffistova til Ervingen på Strandkaien 2 B, so finn me tvo store målarstykke av velvyrde ervingar : Kornelius Hvidsten og Mons Opedal.

Lagsbruk og mange serlag

Ei allsidug verksemd kann laget sjå attende på , med spellag som tilmed kom med på den ferdi som Vestmannalaget skipa til Oslo i 1910. Då spela spellaget til Ervingen "kråka" av Jens Tvedt i det dåverande Fahlstrøms Theater. Det var ei hending som førde til at Hulda Garborg skipa Det norske spellaget, laget som lagde grunnen til Det norske teatret. Kaffistovor, lagsbruk, hev laget havt mange av, ei tid i Gimle, og elles i skytningsstova i Strandgata 77 og ei på Torget 15, og matsalen i Håkonsgata 39. Bergen hev havt mange kaffistovor drivne av bygdelag og av private. No er det berre ei einaste att, og det er kaffistova til Ervingen på Strandkaien 2 B, Den opna i nyreist hus på Strandkaien 18 juli 1927, og kaffistova tok seinare ogso yver drifti av møtehuset Gimle.

Folkedansen og songen

hev havt stor plass i dette laget. Songlaget "Von" hev rik tradisjon, leikarringar hev det vore mange av,og folkedansarar frå Ervingen hev vore med på store folkedansmynstringar i mange land. På eit leikskeid i 1960 øvde Klara Semb inn det storfelde draumkvædet. Det vart dansa av ein ring frå Ervingen i ruinone på Lysekloster i Os i samband med landsstemna til Noregs Ungdomslag i Bergen det året. Og seinare hev dansarane i Ervingen halde uppe Draumkvædet og hev framleis årvisse framsyningar av dette kvædet som er rekna for den ypparste dikte-kunst i Noreg i millomalderen.

Idrotten hev havt sin plass. Idrottslaget til Ervingen førde til at Idrottslaget Gular vart skipa i 1946.

Holmen, Ålrekstad , Island

Mange trugne idealistar i Ervingen hev gjort varande verk i desse mange åri. Nokre av dei vart utnemnde til heiderslagsmenn. Tvo av deim bør nemnast serskilt : Lærar Andreas Barsnes som var skald i laget og som gjorde storverk i ei lang årrekkja med Det Vestlandske Målkontor og med verdfulle granskingar og skrifter um Holmen og Ålrekstad kongsgard. Og so banksekretær Anders Skåsheim, ein av fyregangsmennene i Vestlandsbanken, som arbeidde ihuga for Grønlandssaki og for norrøn samvinna. Han knytte venskapsband på Island og Færoyar og hadde eit stort namn der òg, og han var skrivar i heile tidi i den Snorrenemndi som reiste snorremonumentet på Reykholt på Island og i Dreggen i Bergen. Både Barsnes og Skåsheim var sogningar.

No ved 100-årsleitet hev Ervingen 6 heiderslagsmenn . Dagrunn Berntsen, Aslaug Kvilekval Breivik,Norvald Erstad, Petter Hole, Leiv Samdal og Olav Ånneland. Ved skipingi i 1900 var 27 med. Etter fyrste halvåret hadde Ervingen 148 lagsmenn. No er talet 250. Til 100 årshøgtidi kjem ei bok, skrivi av professor Kårmund Myklebost. Formann i jubileumsåret er Bjarte Sæbø. Høgtidingane skal vara i tri dagar, frå 18. mars til 20. mars som er 100-årsdagen.

1,1 million til Garborg-året

Nationen melder at Kulturdepartementet og Kyrkje-, utdannnings- og forskingsdepartementet løyver 1,1 million til Garborgåret 2001. Dette er 100.000 meir enn Kiellandåret fekk, men 900.000 mindre enn Garborgåret søkte om. Heimesida til Garborgåret finn du her.

Henta frå www.nynorsk.no

Tilskrifter

Vestmannen
Bladstyrar Jostein Krokvik
6143 Fiskåbygd
Telefon 70 02 14 29
Vestmannalaget
Formann Lars Bjarne Marøy
Eliasmarken 14, 5163 Laksevåg
Telefon 55 34 33 77
Ivar Aasen-sambandet
Formann Dag Hagen Berg
Ivar Aasen-sambandet
Grensa 8, 0159 Oslo
Telefon 22 33 68 10
Heimes.: http:/www. geocities. com / Pentagon /5936/samandet/sambandet.html
Vestlandske Mållag
Formann Lars Bjarne Marøy
Eliasmarki 14, 5163 Laksevåg
Telefon 55 34 33 77
Norrønalaget Bragr
Formann Lars Bjarne Marøy
Tilskrift som Vestlandske Mållag
Norsk Bladmannalag
Formann Lars Bjarne Marøy
Som Vestlandske Mållag
Norsk Bokreidingslag
Postbok 684, 5001 Bergen
Telefon 55 31 66 29
Høgnorskringen
ved Håvard Tangen
Grensa 8, O159 Oslo
Telefon 22 33 68 10
e-post: havard. tangen @ oslo online. no
Norsk Målungdom
Øvre Slottsg. 5, 0157 Oslo
Telefon 22 24 63 00 / nmu @ nynorsk.no
Noregs Mållag
Kirkegata 32, 0105 Oslo
Telefon 22 47 71 00 / Faks 22 47 71 01

IvarAasen-sambandet

Ivar Aasen-sambandet er landssamskipnad åt vestmennene og høgnorskrørsla. Sambandet arbeider for målupplysning, måldyrking og målreising. Sambandet krev fulle rettar for nynorsk i Noreg, og krev i nynorsk full jamstelling for i-målet som Ivar Aasen valde.
Sambandet hev ei sergjerning i norsk målrørsla; både lag og einskilde kann vera med. Skriv deg inn!
Årspengar kr.50,-
Innmelding til formannen:
Dag Hagen Berg,
Ivar Aasen-sambandet,
Grensa 8, 0159 Oslo
Tlf. 22 33 68 10
http://www.geocities.com /Pentagon/5936/sambandet/sambandet.html
Giro 0814 20 27 209

Eit heilnorsk Vestland er den beste trygd mot utgliding eller atterslag i målvegen

Det er ikkje med gleda me her vest ventar på det nye målbrigdet. Me hev inkje godt å venta oss av det, korleis det so kom til å verta til slutt.

Men det vilde vera eit stort mistak um me no av vonbrot eller likesæla med det heile la arbeidet ned. Det må ikkje henda. No meir enn fyrr gjeld det å heisa seglet til topps - gjera reint bord i Bjørgvin bispedøme. Eit heilnorsk Vestland er den beste trygdi mot den utgliding dei vil føra oss inn på.

Alle ting tyder på at det er det norskdanske bokmålet det gjeld um å berga i hamn, med so få og små brigde som råd er. Det andre målet er det ikkje so nøgje med.

I "Samtiden" nr. 3 for i år er ein forfattar, Sten S. Nilson, ute og syner leidi. Artikkelen er elles velskriven og vorten åtgådt. Men tendensen er tydeleg nok.

Vi har to skriftformer å reformere her i landet, en bygger på gammelnorsk, en på dansk. Skal vi nå bygge "på norsk folkemålsgrunn" for fremtiden - og det vil nærmest si på bygdedialektene og østlandsdialektene av idag - så tror jeg bare det er riksmålet som tåler flytningen. (Merk deg ordi). Det fine korthuset som heter nynorsk, ramler sammen når vi gir op tanken om å bygge på de dialektene gammelnorsken lever i." - Kanskje vert nynorsken "sprengt innenfra efterhvert".

Ja, forfattaren gjeng so vidt at han vil ikkje vita av nynorske ord i bokmålet. "Nå sitter landsmålsordene som store fluer bortetter i nettet, ser ut som de liker sig ille og spreller for å komme løs".

Han talar um "rare ord" og "rare gloser" og nemner i denne samanheng "ymse", "søknad", "vågnad" og "høve" som skjemmer bokmålet. Ikkje ein gong desse skal få heimstadrett i det nye riksmålet.

Ja, det er nok mogeleg å byggja ei kunstig bru millom målføri, men då vert det å byggja på papir, ikkje "på folkemålsgrunn", segjer han.

Det er tydeleg vinden hev snutt seg i det siste. I den leid peikar og det at bokmålsmennene i revisjonsnemndi no held på å hala inn att for sin part, og på ein måte bryt fyresetnaden for heile samarbeidet um samnorsken, ja set reine vilkår, ser det ut for. Det hev hendt det som mange ottast vilde og måtte henda, at nynorsken skulde kosta gildet åleine. Kva kyrkjedepartementet som sit med andsvaret no vil gjera, fær tidi syna.

Men for oss er det ingen grunn til å leggja årane inn. Vår leid er greid og médi gamle, Åsen-lina og i-formi. Slepper me denne, glid me ut i rotet. Då spyrst det um ikkje forfattaren i "Samtiden" kjem til å verta sannspådd med sitt syn, allvisst um politikken skal verta hjelpesmann.

Difor gjeld det um at Vestlandet no tek eit krafttak. Nynorsken må inn i alle skular på bygdene. Her er endå att holmar her og der som bokmålet rår yver, soleis i Askøy, Tysnes o. fl. Det er serleg kystheradi som ligg etter endå både i Hordaland og lenger nord. Men tek lærarane, skulestyri og mållagi seg saman, torer det ikkje taka so lang tid fyrr siste kneiken er teken. Det er gledeleg å sjå at bygdene i Sunnhordland gjeng i brodden. - Men kyrkja må fylgja etter med Nynorsk Salmebok og norsk liturgi.

Det er no i røyndi dei som brukar norsk mål som avgjer lagnaden for det. Soleis bør det og vera.

Eirik Hirth
Frå Gula Tidend 27. april 1938

Mållaget vil ha Windows og Linux på nynorsk

No kastar Noregs Mållag (NM) seg inn i ordskiftet om operativsystema. NM har bede om eit møte med Microsoft for å dryfta nynorskspørsmålet, men legg ikkje alle egga i den korga. I eit brev til arbeids- og adminstrasjonsminister Dåvøy skriv mållaget at dei ser positivt på at Dåvøy i førre veke sa at regjeringa vurderer å ta i bruk Linux i statsforvaltninga.

Henta frå www.nynorsk.no

Høgnorskringen

Høgnorskringen er ein landsdekkjande ring som vil reisa nynorsk i sitt «beste lag» (Aasen). I høgnorsknamnet ligg programmet. Open for alle som er samde i grunntanken. Ringen er med i Ivar Aasen-sambandet. Årspengar kr 50,-.

Skriv til:
Høgnorskringen
Grensa 8, 0159 Oslo
Telefon 22 33 68 10
Postgiro 0803. 4591343
e-post:
havard.tangen@oslo.online.no

DAG OG TID

Lyser opp i målmørkret!



Ring oss i dag og ting avisa til spesialpris;
199 kroner for eit halvt år!
Telefon: 22 33 00 97

Dag og Tid
Pilestredet 8, 0180 OSLO
Tlf. 22 33 00 97 – Faks 22 41 42 10 – E-post:bladstova@dagogtid.no

Eirik Hirth:

Færøy-folket i strid for livet

Danskane sit ikkje godt i det for tidi. I sud hev dei ein tysk folkesetnad som dei fekk kara til seg ved Versailles-semja i 1920. Det var i ei vanmaktstid for Tyskland det hende. No når det er kome på føter att, melder nasjonalitetskravet seg på ny med meir tyngd. Der stend og hev stade ein stendig strid kring denne sudgrensa millom dansk og tysk og gjer grenseskilet utrygt.

I boki «Nordisk samarbeid» gjev dr. Gustav Smedal ei framifrå skildring av dansk mentalitet i samband med den saki. Kvar gong det hev knipe ved sudgrensa, var det ropa på "Nordens grensa". Då var me gode å taka til, både Noreg og Sverike. Men der imillom sparde dei korkje på dei sterke adjektivi eller knipi sine som me kjenner so godt, og som dr. Smedal hev sett under ljoskastar.

Samstundes med uroi kring den danske sudgrensa, reiser fridomsstriden på Færøyane for ålvor hovudet, ser det ut til, etter færøyske blad å døma.

Færøyane er gamalt norsk land som danskane urettvist eigna til seg i 1814. Utan heimel etter folkeretten hev dei site med dette folket og dette landet som eit anna amt med dansk folkesetnad. Dansk vart styringsmål og skule- og kyrkjemål.

At færøyfolket var eit serskilt folk med sin eigen sermerkte kultur og sitt eige nedervde mål, galdt ingen ting for danskane her. Det var berre dei som budde sud for grensa i Sørjylland som hadde krav på kulturell fridom.

Men so hende det utrulege at danskane ikkje var nøgde med berre kulturell og politisk trælking. Dei måtte ogso verta eigarar av den færøyske jordi - i alle høve kongsjordi. Og elles var alt som er under grastorva der burte. Alt dette vilde den danske staten eigna til seg utan vederlag.

Fatigt er landet og folket, sa folketingsmannen Nielsen til bergenske bladmenn. Og fatigare vil me gjera det, kunde han lagt til.

Men no vakna færøyingen og. Å taka jord frå odelsbønder er det same som å skjera i livande kjøt. Soleis er det her, og soleis er det på Færøyane. No skyna dei at striden laut takast upp for ålvor på breid front. Og no stend dei samla, kongsbønder, odelsbønder og andre jordeigarar i sine krav.

Men å prosedera på grunnlag av dansk lov, veit dei fører snaudt fram. Då kan dei verta skulda for upprørsfolk og anna sovore. Der er døme på det og.

Men no er det heller ikkje i samsvar med dansk lov det sit kongsbønder på Færøyane eller er odelsbønder der burte, men etter norsk lov. Øyane var ein lut av det norske riket - ikkje Skottland - og låg under norsk lov og den norske kongen. Lagtinget var noko heilt anna og meir enn det er i dag. Ja, Håkon den 5. Magnusson gav i 1298 ei serskilt rettarbot, "Saudabrevet" som ho er vorti kalla. (N. G. L. band 3, side 83). I 1313 gav han ei rettarbot som galdt heile Noreg, ogso Island og Færøyane. Gjenom heile unionstidi var øyane rekna for norske som ogso alle kongebrevi syner, soleis kongelovi frå 1665.

At Fredrik den 6te i Kiel snytte Karl Johan og heldt att Færøyane, var ikkje bindande korkje for Noreg eller Færøyane. Dei hev ikkje vore spurde eller hev gjeve noko samtykke. Korkje folkerettsleg eller statsrettsleg hev dei soleis heimelen til Færøyane. Dei vantar heimelsdokumentet, skøytet um du vil kalla det so, og då hev ikkje Danmark de jure fått Færøyane. Det vantar suverenitetsretten den dag idag. Eg viser her til cand. jur. H. Hoch-Nielsens bok "Færøyfolket andsynes nasjonane" (Oslo 1932).

Men då er det greidt at det er uturvande for færøyiske kongs- og odelsbønder å prosedera ei sak for dansk rett, eller på grunnlag av dansk lov. So lenge dei der nede ikkje kan skaffa til vegar eit nytt og brukeleg rettsgrunnlag, kan færøyingane trygt sitja på sine eigedomar. Dei tarv ingen ting gjera, berre halda fast på sin rett. Provskylnaden (bevisbyrden) påkviler Danmark. Deira rett til jordi er langt eldre enn den som danskane ved ei lov frå ifjor meinast kunna taka frå dei.

Og det er andre enn færøyske bønder som hev skote seg inn under gamal norsk rett. Endå so seint som i 1903 hevda ein orknøying retten til fiske etter norsk lov so ålvorleg at dei engelske styresmakter laut venda seg til det nor-

Til s. 15

Ivar Aasen-bøker

Ivar Aasen: **Norsk Maalbunad**. Samanstelling av norske ord etter umgrep og tyding, 2. utg. Hefta kr 60, i bd. kr 80

Arne Garborg: **Ivar Aasen**. Fyreord av Trygve Lande. Fin miniatyr-bok. 1996, i bd. kr 95.

Jostein Krokvik: **Ivar Aasen – sosial frigjerar og nasjonal målreisar**. Livsskildring. 1996, bd. kr 250

Jarle Bondevik og Oddvar Nes (red.); **Ivar Aasen-studiar. I**. Med artiklar av Jarle Bondevik, Andrew Robert Linn og Bjarne Ulvestad. 1998, hefta kr 160

I serien med dei uprenta skriftene etter Ivar Aasen, utgjevne av Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset, er til no desse bøkene komne:

1. **Sunnmørsgrammatikkane** av *Ivar Aasen*. 1992, hefta kr 180
2. **Målsamlingar frå Sunnmøre** av *Ivar Aasen*. 1994, hefta kr 200
3. **Målsamlingar frå Bergens Stift** av *Ivar Aasen*. 1995, hefta kr 230
4. **Målsamlingar frå Christiansands og Agershuus Stifter** av *Ivar Aasen*. 1997, hefta kr 230
5. **Målsamlingar frå Trondhjems og Tromsø Stifter** av *Ivar Aasen*. 1998, hefta kr 230

Norsk Bokreidingslag

Postboks 684, 5001 Bergen

Telefon 55 30 18 99 – Telefaks 55 32 03 56

Frå s. 14

ske universitet, til professor Taranger for å få spursmålet greidlagt.

Det var noko av det same dei gjorde på Island og under fridomsstriden sin. Dei vilde ikkje gå med på at danskane hadde rett til å gjera lover for Island, at den danske grunnlov var bindande for deim og at alltinget vart som eit av dei andre amtstingi. Islendingane var eit folk og krov rett til sjølve å avgjera sin riksskipnad samhøvt med folkeviljen.

På eit alltingsmøte i 1851 krov amtmannen tinget uppløyst då han skyna han ikkje vann fram med sitt danske syn. Då var det Jon Sigurdsson, Islands fremste fridomsmann, reiste seg og sa desse historiske ordi:

"I kongens og folkets navn protesterer jeg mot denne fremgangsmåte og forbeholder tinget rett til å klage til kongen over den lovløshet som her er bragt i anvendelse".

Og alltingsmennene la til:

Vi protesterer". Og dei vann fram til slutt. Danskane hev stor umsut for sine frendar i Sørjylland, på den tyske sida av grenseskilet. Det hev dei ogso for villmannskulturen på Grønland. Men det vesle færøyfolket kan dei både politisk og kulturelt trælka, ja krev eigedomsrett til jordi deira med. -

Færøyske bønder hev reist same motmælet som Jon Sigurdsson gjorde i det islandske allting. Og heile færøyfolket bør slå ring um bondefylkingen til dei vinn fridomen sin. Folkemeiningi i Noreg kan dei lita på. Vår samhug eig dei, utan minste tanke på gamalt rettskrav.

Verdfulle bøker

Gunnstein Akselberg og Jarle Bondevik, red.:
Heidersskrift til Oddvar Nes
24 artiklar frå mål- og namnegransking.Hefta kr 275,-

Alv Askeland: **Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi**.
Frisk essay-samling på godt mål um grunnleggjande spursmål for norsk folkestyre og sjølvstende. Gjelsvik-prisen. Hefta kr 135,-.

Alv Askeland: **Kyrkjeljod. Salmar**. Hefta kr 115,-.

Jarle Bondevik og Andreas Bjørkum: Festskrift til **Anders Ohnstad**. Hefta kr 200,.

Conrad Clausen: **Festskrift til Ludv. Jerdal**. I bd. kr 195,-.

Gunnar Gilberg: **Sjå attum** (dikt). Hefta kr 80,-.

Hannaas, Clausen, Jerdal: **Vestmannalaget 110 år**. I bd. kr 200,-.

Sigrid Omland Hansteen: **Idyllar i ei ulvetid** (dikt). Hefta kr 130,-.

Arne Horge: **Gråskuggen**. Fin barnebok med teikningar av Dagfinn Instanes og unge hjelparar. I bd. kr 168,-.

Ludv. Jerdal: **Heimlandet dreg**. Roman. Hefta kr 45,-, i bd. kr 65,-.

Ludv. Jerdal: **Grundtvig og folkehøgskulen i dag**. I bd. kr 130,-.

Jostein Krokvik: **Norskrøtt skriftmåls store fall**. Um det nynorske atterslaget i etterkrigstidi. Hefta kr 130,-.

Jostein Krokvik: **Ny Hungrvekja og Jan Prahl**. Hefta kr 160,-.

Jostein Krokvik: **Mål og vanmæle**. Soga um det offentlege målet. Hefta kr 160,-.

Jostein Krokvik: **Kjettarord um norsk målalkymi**. Hefta kr 24,-.

Gudlaug Nedrelid: **I ulvekjeften** (dikt). Hefta kr 110,-.

Olav Nygard: **Dikt i samling**. 100-årsutg. ved Conrad Clausen. I bd kr 145,-.

Sigurd Sandvik: **Skriv betre norsk**. Rettleiding i målbruk. Hefta kr 115,-.

Sigurd Sandvik: **Suldalsmålet II**. Ny samling ord og ordlag frå Suldal. Hefta kr 100,-. Suldalsmålet I og II samla for kr 200,-.

Sigurd Sandvik: **Litl-Ola.** Um 7-åringen Litl-Ola som veks upp på fjellgard i Suldal på 1920-talet. Astrid Haugland teiknar. Hefta kr 145,-.

Sigurd Sandvik: **Stølsguten**, Ola hev vorte 9 år og er gjætargut. Samstundes skildring av arbeidsliv og folkeliv i Suldal. Hefta kr. 145,-.

Gustav Indrebø: **Norsk Målsoga**. Det store målsogeverket. I band kr 350,-.

Gustav Indrebø: **Kva er målreising. Utvalde artiklar**. Hefta kr 50,-. *Gustav Indrebø*: **På norsk grunn**. Hefta kr 125,-.

Inger Indrebø Eidissen: **Gustav Indrebø. Ei livsskildring**. Skildra frå nært hald. I band kr 230,-.

Nikolaus Gjelsvik: **Von og veg**. Gjelsviks høgskatta ervebrev um norsk målføring. I band kr 60,-.

Severin Eskeland: **Framandordbok**. Einaste nynorske. I band kr 115,-.

Severin Eskeland: **Ei minnebok**. I band kr 50,-.

Eigil Lehmann: **Reise det som velt er**. Hefta kr 115,-.

Eigil Lehmann: **Færøysk-norsk ordbok**. I band kr. 150,-.

Eigil Lehmann: **Islendsk-norsk ordbok**. I band kr 250,-.

Eigil Lehmann: **Norsk-islendsk samtaleordbok** (parlør). Hefta kr 20,-.

Dessutan folkeminnebøker frå Hardanger av Halldor O. Opedal, forvitnelege bøker av Ola Breive, dikt av Eigil Lehamnn, romanar, dikt, og folkeminnebøker av mange andre bokskrivarar! Bed um utførleg boklista!

Norsk Bokreidingslag
Postboks 684 – 5807 Bergen
Tlf. 55 30 18 99 Faks: 55 32 03 56 Postgiro 0809 3918844



NYNORSK ANTIKVARIAT
Pb 9243 Grønland,0134 OSLO
Tlf 22 19 02 11
Faks 22 19 61 10
epost:
tinging@nynorskantikvariat.no
Kontortid: onsdag

ISSN 0800-8647

C-BLAD

RETURTILSKRIFT:
Vestmannen
6143 Fiskåbygd

Lyrikk av Goethe til norsk ved Åse-Marie Nesse

Johann Wolfgang von Goethe:

MITT HJARTA SLO

Tysk originaltekst Utval og gjendikting til norsk Ved Åse-Marie Nesse Aschehoug 1999

I 1993 kom «Faust I» av Goethe ut på nynorsk i Åse-Marie Nesse si omsetjing, og i fjor kom andre delen av storverket i hennar språkdrakt. Med rette har ho hausta mykje fagning for arbeidet med «Faust», men ho har meir tolking av Goethe å gjeva; i 1999 kom òg «Mitt hjarta slo», som er ei samling av 39 lyriske dikt etter Goethe. Her står òg kvart einskilt av dikta i den tyske opphavsteksten ved sida av den norske omsetjinga. Johann Wolfgang von Goethe var vitskapsmann, han var dramatikar og novelleforfattar, aforistikar og epikar av stort format, og han var fødd lyrikar. Dei lyriske dikta hans lever i dag som på fyrste dagen. Har nokon annan diktar gjennom tidene inspirert så mange komponistar, spør Åse-Marie Nesse, og svaret er gjerne at ingen har gjort det, utan om mogeleg, Heinrich Heine.

Det var alltid ut frå eigne, verkelege røynsler Goethe dikta; han sa det sjølv: «Alle dikta mine er høvesdikt (Gelegenheitsgedichte)». Det fyrste diktet i den nye samlinga til Åse-Marie Nesse er frå 1771, då Goethe var 22 år gamal. Det er eit mykje kjent og kjært dikt, «Willkommen und Abschied». Slik lyder fyrste strofa i hennar tolking:

Mitt hjarta slo, i salen snarleg! Knapt tenkt,
så bar det i galopp, mens kvelden vogga jorda
varleg, og natta hang på bergetopp. I månedrakt sto eiketreet, ein tårnhøg rise, nifs og rar,
og mørket stirra fram der nede med hundre
svarte augnepar.

Dei tre andre strofene i omsetjinga syner same truskapen mot kjensla og jubelen i originalen, like eins mot synsinntrykka, tankefylgja og, framfor alt, truskap mot rytmen. Dette sermerkjer Åse-Marie Nesse sine atterdiktingar i mange av dikta i samlinga. Slik har ho gjeve att dei fire fyrste linene av sonetten «Natur und Kunst»:

Natur og kunst - det rimar ikkje særleg,
men før du anar har dei saman funne. Min
eigen mothug har da òg forsvunne, og begge
dreg meg til seg like kjærleg.

Her er ikkje rom til å gjeva att heile sonetten, men det kan seiast at «Natur og kunst» i hennar omsetjing er vorte eit viktig dikt på norsk. I samlinga er òg med to andre av Goethe sine sonettar, dei er frå tiåret 1797-1807. Frå tidlegare år er millom andre «Vandringsmannens kveldssong» I og II, «Alvekongen» og «Songaren». For meg står «Trollmannens læregut» og «Skattegravaren» som høgdepunkt. Frå dei seinare dikta til Goethe kan nemnast «Kongen i Thule», «Eit funn» («Gefunden») og «Salig lengsel». Eit døme på korleis Åse-Marie Nesse tolkar rein lyrikk av Goethe, er diktet «Frygdefull, sorgfull» (etter «Freudvoll und leidvoll»):

Frygdefull, sorgfull og tankefull med,
lengte og vente i svevande vé, himmelhøgt
jublande, sørge i hel. Lykkeleg, det er den
elskande sjel.

Som ein lesar vil sjå, brukar Åse-Marie Nesse stundom ordformer og bøyingsformer som ikkje høyrer til tradisjonen og ikkje til midtstraumen av nynorsk. Eit døme er omkvedet i «Heidenröslein» som ho gjev att slik: «Rose, rose, rose rød, / rose utpå vangen». Her har ho gjort eit val, og det krev respekt, anten ein er samd eller ikkje. Likevel kan ein på ålment grunnlag minna om Horats sine ord i «Brevet om diktekunsten» der han rår diktarane ifrå å gå langt bort frå tradisjonen. Men innvendingane er små mot ei bok som er forma med stor språkkunst.

Johannes Gjerdåker

Snakk med oss om Plassering

Vi gir deg betre råd!

KREDITKASSEN

HER FINN DU OSS I HORDALAND:
Arna - Bryggen - Fana - Fyllingsdalen - Landås - Rådhusplass - Åsane
Askøy - Austervoll - Bømlo - Norhordaland - Os - Osterøy - Sotra

Sluttordet

Den beste niste på livsens ferd
den vegjen so lang og heit,
det er, at vår framtid so ukjend er,
og at me so litet veit.